

MOTTATT  
08 SEPT 2014

Kulturdepartementet

08 SEPT 2014

2014/2588-095

29.08.2014

•••

Valdres Mållag v/ leiar Reidun Borgny Dølehuset  
Åbjørsvegen 101  
2910 Aurdal

Kulturdepartementet  
Akersgata 59  
0180 Oslo

### Høyrings svar om endring av lov om stadnamn

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Valdres Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber difor Stortinget om ikkje å gjera endringar i kven som skal forvalta skrivemåten åt stadnamna i stadnamnlova, og framleis late det vere samfunnet sitt ansvar, ikkje den einskilde brukseigar.

Med vennleg helsing

*Reidun Borgny Dølehuset*  
Valdres Mållag v/ leiar Reidun Borgny Dølehuset